



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 21.06.2016

Sak nr.: 16/2273-5

Internt l.nr.: 21352/16

Sak: 27/16

Tittel: Søknad om fornya konsesjon for å drive Florø lufthamn, fråsegn

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Flora lufthamn, slik det er søkt om.

Endringsframlegg:

Miljøpartiet Dei Grøne og Venstre sette fram slikt framlegg:

Hovudutval for samferdsle tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Flora Lufthamn. Hovudutval for samferdsle tilrår at Avinor saman med kommunen ser på tiltak for å avgrense ordinær helikopterflyging på kvardagar til tidsrommet 07:00-18:00 og på helgedagar og høgtider.

Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Venstre sette fram slikt framlegg:

Fylkesutvalet tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Flora Lufthamn slik det er søkt om. Fylkesutvalet oppmodar Avinor og Flora Kommune om å gå i dialog for å få til støyavgrensande tiltak for helikoptertrafikk til og frå sokkelen.

Avrøysting:

Framlegget frå MDG fekk ei røyst og fall.

Det vart stemt alternativt for rådmannen sitt framlegg og framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet. Framlegget frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet vart vedteke mot ei røyst.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Flora lufthamn, slik det er søkt om. Fylkesutvalet oppmodar Avinor og Flora kommune om å gå i dialog for å få til støyavgrensande tiltak for helikoptertrafikk til og frå sokkelen.